

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnadar	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tilråing	Alternativ tilråing
Skaftedalsvegen	1305	1	107010	9,32, 36	<p>Innspel 32: Brekke og Jørdre Grunneigarlag og fleire grunneigarar ber om at Skaftedalsvegen ikkje vert gjort om til privat veg. Dei peikar på at vegen er avgjerande for landbruk, skogsdrift og transport av biorest frå biogassanlegget på Bjørke. Vedlikehald av den bratte vegen vil bli for dyrt for grunneigarane å handtera åleine. Vegen er òg viktig for friluftsliv, turisme og tilkomst til stolar og hytter. Difor ønskjer dei at vegen framleis skal vere kommunal. Innspel 36: Ein tilsett ved Voss Sjukehus med pendlarbustad i Skaftedalsvegen 173 protesterer mot forslaget om å gjere vegen privat. God tilkomst er avgjerande for å kunne møte på jobb ved akutte hendingar og utrykkingar. Privat veg vil kunne gi dårlegare brøyting og hindre framkomst vinterstid. Innsendar ber difor om at Skaftedalsvegen held fram som kommunal veg. Innspel 9: Kirurg Kristina Stølen Ugelvik bur i Skaftedalsvegen når ho har vakt ved Voss sjukehus og er avhengig av god vegstandard for å rykke ut raskt ved akutte hendingar. Omklassifisering til privat veg kan svekke tilkomsten og dermed helseberedskapen i regionen. Ho ber om at dette vert teke omsyn til i vidare behandling.</p>	<p>Skaftedalsvegen er ein av dei lengre vegane som er foreslått omklassifisert, og ein omklassifisering isolert sett kunne gi betydelige økonomiske innsparingar. Opplysningar i matrikkelen syner at det ikkje er nokon fastbuande langs eller i enden av vegen, og kriterium 1 (vegar utan fastbuande) kan difor leggjast til grunn for omklassifisering. Vegen har samstundes ein funksjon som tilkomstveg til friluftsområde og fritidsbustader, og vert nytta av grunneigarar, hytteeigarar, pendlarar og tilreisande. Omsynet til allmenn ferdsel, grunneigarar og landbruk er vurdert som viktig. Administrasjonen vurderer likevel at tilkomsten til området kan ivareta også ved privat veg, og at desse omsyna difor ikkje vert tillagt avgjerande vekt i denne saka. På denne bakgrunnen vert det lagt fram to alternativ til tilråding for politisk vurdering:</p> <p>1. Dersom omsynet til økonomiske innsparingar vert tillagt størst vekt, rår rådmannen til at vegen vert omklassifisert i tråd med kriterium 1.</p> <p>2. Dersom omsynet til allmenn ferdsel, friluftsliv og tilgjenge for grunneigarar og tilreisande vert tillagt avgjerande vekt, held Skaftedalsvegen fram som kommunal.</p>	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	Rådmannen rår til at vegen ikkje vert omklassifisert
Generelt: Kommunal veg			0	34	<p>Vegar som gir tilgang til friluftsområde bør ikkje omklassifiserast til private vegar, då dei er viktige for både fastbuande og tilreisande. Ei privatisering kan føre til dårlegare vedlikehald, vinterstenging og redusert tilgang til naturen. Dette vil svekka folkehelse og bryt med målet om å sikra allmenn tilgjenge til friluftsliv. Friluftsliv fremjar fysisk og psykisk helse og er eit sentralt folkehelseiltak. Kommunen bør difor halda desse vegane som del av den offentlege infrastrukturen.</p>	<p>Innspelet vert teke til følge ved at ein vurderer vegen sin funksjon som tilkomst til natur- og friluftsområde. Slike vegar ligg ofte i utkantar av kommunen og er gjerne lengre strekningar der privatisering isolert sett kan gi størst innsparingseffekt. Samstundes må dette vegast opp mot vegen sin verdi for allmenta og rolla han har i å sikre tilgang til natur- og friluftsliv. I denne saka vert omsynet til natur- og friluftsliv tillagt større vekt enn den økonomiske innsparingseffekten ved privatisering. Det vert difor tilrådd at vegar med ein tydeleg funksjon som tilkomst til natur- og friluftsområde held fram som kommunale vegar.</p>		

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnadar	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tilråing	Alternativ tilråing
Skaftedalsvegen		1	0	38	Hyttieigarar i Skaftedalen protesterer mot forslaget om å gjere Skaftedalsvegen privat. Dei meiner høyringa ikkje er godt varsla og at veiretten er uavklart. Vegen er viktig for friluftsliv, turisme og sosiale aktivitetar som styrker folkehelsa. Ei privatisering vil føre til høgare kostnader, dårlegare vedlikehald og verdiforringing av eigedomane. Innsendarane meiner ulempene klart overstig den vesle innsparing kommunen vil oppnå.	Skaftedalsvegen er ein av dei lengre vegane som er foreslått omklassifisert, og ein omklassifisering isolert sett kunne gi betydelige økonomiske innsparingar. Opplysningar i matrikkelen syner at det ikkje er nokon fastbuande langs eller i enden av vegen, og kriterium 1 (vegar utan fastbuande) kan difor leggjast til grunn for omklassifisering. Vegen har samstundes ein funksjon som tilkomstveg til friluftsområde og fritidsbustader, og vert nytta av grunneigarar, hyttieigarar, pendlarar og tilreisande. Omsynet til allmenn ferdsel, grunneigarar og landbruk er vurdert som viktig. Administrasjonen vurderer likevel at tilkomsten til området kan ivaretakast også ved privat veg, og at desse omsyna difor ikkje vert tillagt avgjerande vekt i denne saka. På denne bakgrunnen vert det lagt fram to alternativ til tilråding for politisk vurdering: <u>1. Dersom omsynet til økonomiske innsparingar vert tillagt størst vekt, rår rådmannen til at vegen vert omklassifisert i tråd med kriterium 1.</u> <u>2. Dersom omsynet til allmenn ferdsel, friluftsliv og tilgjenge for grunneigarar og tilreisande vert tillagt avgjerande vekt, held Skaftedalsvegen fram som kommunal.</u>	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	Rådmannen rår til at vegen ikkje vert omklassifisert
Skjervsvegen (v. Kjetil Seim gnr589 bnr.1)	245	2	20090		Ingen innspel.	Det er ingen innspel til privatisering. Slike vegar gir liten innsparing, men ved privatisering frigjøres både tid og kapital som kan nyttast til andre vegar som har fleire har nytte av, og der behovet for oppgradering er størst. Dette vil være i tråd med dei føringane som er knytt til innsparing i økonomiplan. <u>Rådmannen rår til at Skjervsvegen vert omklassifisert jf. Kriterium 2.</u>	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnadar	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tilråing	Alternativ tilråing
Del av Såkvitnevegen	442		36244	22,28,29	Innspel 28: Nils Haugen, Såkvitnavegen 52, støttar uttalen frå Lars Terje Haugen om å behalda heile Såkvitnavegen som kommunal. Vegen vart bygd rundt 1974 og har vore kommunal fram til snuplass ved nr. 76 etter vedtak i samband med Tunsberg tunnelen. Begge greinene frå brua tener om lag like mange bueiningar. Det vert difor vurdert som urimeleg at berre éi grein skal privatiserast. Haugen fråår privatisering av delar av det felles veganlegget. Innspel 22 og 29: Avsendar peikar på at vegen går heilt til kommunal snuplass ved Såkvitnavegen 76 og tener fire bustadhus, ikkje berre eitt gardsbruk som oppgitt. Avsendar skriv at det bur fleire eldre langs vegen, og godt kommunalt vedlikehald er viktig for heimesjukepleie og tryggleik.	Vegen har lav trafikkbelastning, men går til fleire bustadar. Innspel frå Lars Terje Haugen peikar på at vegen går lengre enn det me har sagt. Her treng ein meir info om fastbuande. Ettersom vegen stetter eit av kriteriane vert det tilrådd at den vert nedklassifisert. Samtidig må ein vurderer om heile såkvitnevegen vert nedklassifisert for å sikra like premiss. Heile vegen går i hovudsak til gardsbruk, og dei har nett fått ein ny bru som gjer at dei ikkje treng å tenke på kostnadar med det fyrste. På bakgrunn av dette rår rådmannen til at omklassifisering av vegen vert utsett til neste runde.	Utsett	
Del av Såkvitnevegen		2		25/3870-22 og 29	Avsendar peikar på at vegen går heilt til kommunal snuplass ved Såkvitnavegen 76 og tener fire bustadhus, ikkje berre eitt gardsbruk som oppgitt. Avsendar skriv at det bur fleire eldre langs vegen, og godt kommunalt vedlikehald er viktig for heimesjukepleie og tryggleik.	Vegen har lav trafikkbelastning, men går til fleire bustadar. Innspel frå Lars Terje Haugen peikar på at vegen går lengre enn det me har sagt. Her treng ein meir info om fastbuande. Ettersom vegen stetter eit av kriteriane vert det tilrådd at den vert nedklassifisert. Samtidig må ein vurderer om heile såkvitnevegen vert nedklassifisert for å sikra like premiss. Heile vegen går i hovudsak til gardsbruk, og dei har nett fått ein ny bru som gjer at dei ikkje treng å tenke på kostnadar med det fyrste. På bakgrunn av dette rår rådmannen til at omklassifisering av vegen vert utsett til neste runde.	Utsett	
Strindeskleiv vegen med sideveg	2273	1	186386	23	Granvin Idrettslag går imot forslaget om å privatisera Strindeskleivvegen, som er tilkomstveg til idrettslaget sitt skianlegg på Haugsåsen. Vegen er avgjerande for aktivitetstilbodet til barn, unge og eldre, og for folkehelsa i bygda. Kommunalt vedlikehald og brøyting har gjort drifta mogleg, medan privatisering vil påføra store kostnader og kunne føre til nedlegging av anlegget. Idrettslaget ber difor om at kommunen held fram ansvaret for vegen som ein viktig del av fellesskapsinfrastrukturen.	Strindeskleivvegen er ein av dei lengre vegane som er foreslått nedklassifisert, og ei privatisering vil isolert sett kunne gi ein betydeleg innsparingseffekt. Samstundes har vegen ein viktig funksjon som tilkomst til friluftsområde og aktivitetsanlegg, og vert nytta av eit breitt spekter av brukarar. Omsynet til allmenn tilgang, folkehelse og tilrettelegging for aktivitet for barn, unge og eldre må difor vektleggjast. Sjølv om vegen formelt oppfyller kriteria for omklassifisering, vert det på denne bakgrunnen tilrådd at Strindeskleivvegen held fram som kommunal veg	Utsett	

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnadar	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tiltråing	Alternativ tiltråing
Nesheimsvegen	88	2	7216	7	Innbyggjarane langs Nesheimsvegen protesterer mot omklassifisering av vegstrekninga til privat veg, då dei meiner ingen av vilkåra for dette er oppfylte. Vegen har 11 heilårs fastbuande i alle aldersgrupper og vert brukt både til bustadtrafikk, landbruksdrift og som tilkomst til gang- og sykkelvegen som knyter Granvin saman. Han fungerer òg som ein felles tilkomst til rekreasjonsområdet Hedle og Granvinsvatnet, som er viktig for friluftsliv heile året. Vegstrekninga er kort, rimelig å vedlikehalda og spelar ei sentral rolle for gåande og syklande i ei grend utan gatelys. Ei omklassifisering vert derfor sett som urimeleg og som ei forskjellsbehandling samanlikna med liknande vegar	Strekninga det gjeld er ei kort vegstrekning, og ei nedklassifisering vil isolert sett ha ein mindre betydelig innsparingseffekt. Samstundes kan fleire tilsvarande omklassifiseringar samla bidra til betre prioritering av kommunale ressursar. Innspelet frå bebuarane løftar fram relevante omsyn, men vegen har låg trafikkbelastning og avgrensa allmenn funksjon. <u>På denne bakgrunnen vert det tilrådd å nedklassifisere vegen i tråd med kriterium 2.</u>	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	
Dalevegen (Espelandsvegen)	414	2	33948	6	Dalevegen blei vedteken som kommunal veg av formannskapet 3. mai 1979. I dag bur det to aktive gardsbruk på Dale, begge i drift eller oppbygging, samt to vaksne med inntektsgivande arbeid. Det bur òg tre barn der – eitt i småskulen og to i full barnehagedagar. Det blir uttrykt eit sterkt ønskje om at Dalevegen framleis skal vere kommunal, då dette er viktig for trivsel og vidare busetnad i området.	Vegen har låg trafikkbelastning og vert i hovudsak nytta av dei som bur i enden av vegen og tener eit avgrensa tal eigedommar). Vegen har heller ikkje funksjon som tilkomst til allmenne formål . I Voss herad finst det fleire gardsbruk og eigedommar utan kommunal veg heilt inn i tunet, og av omsyn til likebehandling og rettferd vert det <u>tilrådd å omklassifisere vegen i tråd med kriterium 2 og 3.</u>	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	
Hause vegen	224	2	18368	5	Saka gjeld forslag om å omklassifisera siste delen av Hausevegen frå kommunal til privat veg. Dette vil få store konsekvensar for eit gardsbruk i drift, eit frådelt bustadhus med heilårs busetnad og ein 88 år gammal kårmann som bur i gardshuset. Han ønskjer å bli buande så lenge som mogleg og klarer seg førebels utan hjelp, men kan få behov for heimehjelp når som helst. Utan kommunal snøbrøyting vil han ikkje kunna bli buande, særleg sidan det er 230 meter bratt stigning frå tunet til brøytt veg. Endringa vil dermed få alvorlege følger for både busetnad og tryggleik.	Vegen har låg trafikkbelastning og vert i hovudsak nytta av dei som bur langs eller i enden av vegen, og tener eit avgrensa tal eigedommar. Vegen har heller ikkje funksjon som tilkomst til allmenne formål. I Voss herad finst det fleire gardsbruk og eigedommar utan kommunal veg heilt inn i tunet, og av omsyn til likebehandling og rettferd vert det <u>tilrådd å omklassifisere vegen i tråd med kriterium 2 og 3</u>	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnadar	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tiltråing	Alternativ tiltråing
Hausnesvegen	263	2	21566	35	Innbyggjarane langs Hausnesvegen ber om at vegen framleis vert halde kommunal. Dei peikar på at innsparingane for kommunen vil vere marginale, medan konsekvensane for tre husstandar blir store, særleg fordi dei ikkje har kapasitet til å drifte eller brøyte vegen sjølve. Vegen er bratt og krevjande, og utan kommunal vinterdrift vert både trafiksikkerheit, tilkomst for helse- og utrykkingstenester og renovasjon sterkt svekka. Ei privatisering vil òg kunne føre til fråflytting og skape sosiale og helsemessige utfordringar. Dei meiner kommunen bør ta ansvar for vidare drift, eller som eit minimum vintervedlikehald	Vegen har låg trafikkbelastning og vert i hovudsak nytta av dei som bur langs eller i enden av vegen, og tener eit avgrensa tal eigedommar. Vegen har heller ikkje funksjon som tilkomst til allmenne formål. I Voss herad finst det fleire gardsbruk og eigedommar utan kommunal veg heilt inn i tunet, og av omsyn til likebehandling og rettferd vert det <u>tilrådd å omklassifisere vegen i tråd med kriterium 2 og 3</u>	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	
Hesgiljane	430	2	35260	21	Eigaren av gardsbruk 628 uttrykkjer uro for forslaget om å omklassifisera den kommunale vegen til privat veg, då dette vil ramme eit aktivt gardsbruk med både sau og birøkt, samt eit bustadhus under renovering for utleige. Dei peikar spesielt på at vegen inkluderer ei 50 år gammal bru som kan bli ei stor økonomisk belastning ved framtidige skader. Vegen går òg gjennom to andre eigedomar, noko som kompliserer ansvaret ytterlegare. Dei meiner kommunen heller bør starte med omklassifisering av vegar til eigedomar utan fast busetnad før ein rører vegar til heilårsbustader. Avslutningsvis ber dei om at omklassifisering skjer etter tydelege og rettferdige kriterium for alle.	Vegen har låg trafikkbelastning og vert i hovudsak nytta av dei som bur langs eller i enden av vegen, og tener eit avgrensa tal eigedommar. Vegen har heller ikkje funksjon som tilkomst til allmenne formål. I Voss herad finst det fleire gardsbruk og eigedommar utan kommunal veg heilt inn i tunet, og av omsyn til likebehandling og rettferd vert det <u>tilrådd å omklassifisere vegen i tråd med kriterium 2.</u>	Utsett	
Smidjevegen i Folkedal	741	2	60762		Ingen innspel	Vegen har låg trafikkbelastning og vert i hovudsak nytta av dei som bur langs eller i enden av vegen, og tener eit avgrensa tal eigedommar. Det er ein parallelveg med den folkedalsvegen som i dag er kommunal, og i praksis vert det stikkvegar til to gardsbruk .Vegen har heller ikkje funksjon som tilkomst til allmenne formål. I Voss herad finst det fleire gardsbruk og eigedommar utan kommunal veg heilt inn i tunet, og av omsyn til likebehandling og rettferd vert det <u>tilrådd å omklassifisere vegen i tråd med kriterium 2 og 3</u>	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	
Del av Folkedalsvegen	228	2	18696		Ingen innspel	Vegen har låg trafikkbelastning og vert i hovudsak nytta av dei som bur i enden av vegen, og tener eit avgrensa tal eigedommar. I Voss herad finst det fleire gardsbruk og eigedommar utan kommunal veg heilt inn i tunet, og av omsyn til likebehandling og rettferd vert det <u>tilrådd å omklassifisere vegen i tråd med kriterium 2.</u>	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnadar	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tilråing	Alternativ tilråing
Gamle Kvanndalsvegen	458	2	37556	8	Kvanndalsvegen har langt høyere bruk og dårligere vedlikehold enn kommunen legger til grunn, og store deler av veien er i svært dårlig stand. Å overføre vedlikeholdsansvaret til fastbuande blir vurdert som urimeleg, spesielt med tanke på beredskap og kommunale tenester. Det er også uklart kven som får ansvar for vatn, avløp og eventuelle skadar ved privatisering, noko som kan gi juridiske og økonomiske konsekvensar. Ei privatisering kan i tillegg redusere verdien på eigedomane langs veggen	Vegen har låg trafikkbelastning og vert i hovudsak nytta av dei som bur langs eller i enden av veggen, og tener eit avgrensa tal eigedommar. Veggen langs Kvanndalselva vert vidareført som kommunal veg og sikrar framleis allmenn tilgang til friluftsliv. For eigedommane øvst i Kvanndalsvegen vil det berre vere ei kort strekning fram til kommunal veg, medan eigedommane frå midtre del og ned vil ha kort privat vegstrekning fram til Hardangervegen. <u>På denne bakgrunnen rår rådmannen til at Gamle Kvanndalsvegen vert nedklassifisert i tråd med kriterium 2.</u>	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert	
Tjoflotvegen ned mot kai.	196	2	16072		Ingen innspel.	Vegen har låg trafikkbelastning og vert i hovudsak nytta av dei som eig kaia i enden av veggen. Slike vegar gir liten innsparing, men ved privatisering frigjøres både tid og kapital som kan nyttast til andre vegar som har fleire har nytte av, og der behovet for oppgradering er størst. Dette vil være i tråd med dei føringane som er knytt til innsparing i økonomiplan <u>Rådmannen rår til at Tjoflotvegen ned mot privat kai vert nedklassifisert jf. Kriterium 2 og 3.</u>	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert	
Veg i hyttefelt Djonno	361	1	29602	15	Hyttteeigarane på Djonneset ber Voss herad om å la veggen på Djonneset halde fram som kommunal. Veggen blir brukt av fruktdyrkarar, tilkomst til den offentlege badestranda Persviki og av naudetatar ved utrykkingar. Han gir òg tilgang for renovasjon og septikktømming, og har låge driftskostnader for kommunen. Innsendarane meiner privatisering vil gi urimelege utgifter for hyttteeigarar og redusere tryggleik og tilkomst i området.	Dette er ein veg i eit hyttefelt på Djonno. Veggen har låg trafikkbelastning og vert i hovudsak nytta av dei som bur langs. Slike vegar gir liten innsparing, men ved privatisering frigjøres både tid og kapital som kan nyttast til andre vegar som har fleire har nytte av, og der behovet for oppgradering er størst. Dette vil være i tråd med dei føringane som er knytt til innsparing i økonomiplan For å sikra likskap/rettferdigheit rår <u>rådmannen til at veg i hyttefelt på Djonno vert nedklassifisert jf. Kriterium 1 og 2.</u>	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert	

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnadar	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tiltråing	Alternativ tiltråing
Taskjelle	400	2	32800		Ingen innspel. Vegen går i tunet på gardsbruk, og er lite trafikert. Eigar av gardsbruk har ikkje folkeregistert adresse på eigedommen og tilfredsstillar derav kriterie 1.	Vegen har låg trafikkbelastning og vert i hovudsak nytta av dei som bur i enden av vegen og tener eit avgrensa tal eigedommar. Vegen har heller ikkje funksjon som tilkomst til allmenne formål . I Voss herad finst det fleire gardsbruk og eigedommar utan kommunal veg heilt inn i tunet, og av omsyn til likebehandling og rettferd vert det tilrådd å omklassifisere vegen i tråd med kriterium1, 2 og 3.	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	
Medås	167	2	13694	24	Bebuarar på eigedommane på Medås klagar på forslaget om å privatisere tilkomstvegen og ber om at han vert oppretthalden som kommunal veg med kommunalt vedlikehaldsansvar. Vegen er avgjerande for trygg og farbar skuleskyss for barn i skulepliktig alder, og for tilgjenge til helse- og omsorgstenester for eldre bebuarar. Forsvarleg vegstandard er òg viktig for utrykning frå ambulanse, brannvesen og politi, og privatisering kan medføre uakseptabel beredskapsrisiko. Det vert peika på at innbyggjarar i utkantområde må ha likeverdige tilgang til kommunal infrastruktur og tenester som dei som bur meir sentrumsnært	Vegen har låg trafikkbelastning og vert i hovudsak nytta av dei som bur i enden av vegen og tener eit avgrensa tal eigedommar. I Voss herad finst det fleire gardsbruk og eigedommar utan kommunal veg heilt inn i tunet, og av omsyn til likebehandling og rettferd vert det tilrådd å omklassifisere vegen i tråd med kriterium 2.	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnadar	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tilråing	Alternativ tilråing
Langedalsvegen	1535		125870	25,31	Innspillet kritiserer Voss herad for mangelfull informasjon om planane og understrekar at Langedalsvegen er ein mykje brukt tilkomstveg for både hytteeigarar, grunneigarar og eit stort friluftsområde. Allmenn ferdsel utgjer mesteparten av trafikken, og ei privatisering vil gi dårlegare vinterbrøyting, høgare kostnader og redusert tilgang for både turgåarar og naudtenester. Det blir peikt på at vegen er viktig for folkehelse, friluftsliv, dyrehald og beredskap, og at brøyting uansett må skje heilt til Markhusteigen sidan det ikkje finst snuplass lenger nede. Økonomisk grunnlag for privat drift finst ikkje, og redusert framkomelegheit vil svekkje både tryggleik og eigedomsverdiar. Konklusjonen er at Langedalsvegen ikkje oppfyller kriteria for omklassifisering og må forbli kommunal. Innspel 31: Innspillet peikar på at Langedalsvegen er viktig både for fastbuande, hytteeigarar og allmennheita som brukar friluftsområdet i Langedalen. Grunneigarane meiner det er urealistisk å drifte vegen privat, då vinterbrøyting og vedlikehald vil bli for dyrt og føre til vinterstengd veg utan eigna parkeringsareal. Dette vil hindre både hytteeigarar og brukarane av turområdet i å koma seg fram, og svekkje eit etablert friluftstilbod som heradet sjølv har lagt til rette for. Det blir òg påpeikt at heradet sitt forslag er uklart og teknisk urealistisk, mellom anna når det gjeld snuplass for brøytemannskap. Grunneigarane ber derfor om at Langedalsvegen framleis skal vera kommunal.	Langedalsvegen er ein av dei lengre vegane som er foreslått omklassifisert, og ein omklassifisering isolert sett kunne gi betydelige økonomiske innsparingar. Opplysningar i matrikkelen syner at det ikkje er nokon fastbuande langs eller i enden av vegen, og kriterium 1 (vegar utan fastbuande) kan difor leggjast til grunn for omklassifisering. Vegen har samstundes ein funksjon som tilkomstveg til friluftsområde og fritidsbustader, og vert nytta av grunneigarar, hytteeigarar og tilreisande. Omsynet til allmenn ferdsel, grunneigarar og landbruk er vurdert som viktig. Administrasjonen vurderer likevel at tilkomsten til området kan ivaretakast også ved privat veg, og at desse omsyna difor ikkje vert tillagt avgjerande vekt i denne saka. På denne bakgrunnen vert det lagt fram to alternativ til tilråing for politisk vurdering: <u>1. Dersom omsynet til økonomiske innsparingar vert tillagt størst vekt, rår rådmannen til at vegen vert omklassifisert i tråd med kriterium 1.</u> <u>2. Dersom omsynet til allmenn ferdsel, friluftsliv og tilgjenge for grunneigarar og tilreisande vert tillagt avgjerande vekt, held Skaftealsvegen fram som kommunal.</u>	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	Rådmannen rår til at vegen ikkje vert omklassifisert

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnadar	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tilråing	Alternativ tilråing
Langedalsvegen		1	0	3, 13,14,19	Innspel 25/3870-19: Hytteeigar som protesterer mot omklassifisering av Langedalsvegen til privat veg. Vegene har stor biltrafikk fordi mange nyttar den kommunale parkeringsplassen i Markusteigen for å gå tur i Langedalen året rundt. Blir vegene privat, vil snøbrøyting bli vanskeleg å få til, og turgåarar frå Voss og Vossestrand må parkera i område utan kommunal parkering. Dette vil skapa store praktiske utfordringar for både hytteeigarar og friluftsfolk. Innspel 14: Hytteeigar i området som motsetter seg privatisering. Vegene er mye brukt som tilkomst til turområdet Langedalen mot Raundalen. Enhver innskrenking her vil få konsekvenser for friluftsliv og helsebringende aktiviteter. Innspel 3: Hytteeigar som er negativ til omklassifisering av Langedalsvegen fordi både fastbuande, hytteeigarar og turgåarar er avhengige av han. Ei privatisering og manglande brøyting vil gi store parkeringsproblem og redusere tilgangen til området om vinteren. Dette vil òg føre til mindre bruk av hyttene, trass i at vi betalar eigedomsskatt.	Langedalsvegen er ein av dei lengre vegane som er foreslått omklassifisert, og ein omklassifisering isolert sett kunne gi betydelige økonomiske innsparingar. Opplysningar i matrikkelen syner at det ikkje er nokon fastbuande langs eller i enden av vegene, og kriterium 1 (vegar utan fastbuande) kan difor leggjast til grunn for omklassifisering. Vegene har samstundes ein funksjon som tilkomstveg til friluftsområde og fritidsbustader, og vert nytta av grunneigarar, hytteeigarar og tilreisande. Omsynet til allmenn ferdsel, grunneigarar og landbruk er vurdert som viktig. Administrasjonen vurderer likevel at tilkomsten til området kan ivareta også ved privat veg, og at desse omsyna difor ikkje vert tillagt avgjerande vekt i denne saka. På denne bakgrunnen vert det lagt fram to alternativ til tilråing for politisk vurdering: <u>1. Dersom omsynet til økonomiske innsparingar vert tillagt størst vekt, rår rådmannen til at vegene vert omklassifisert i tråd med kriterium 1.</u> <u>2. Dersom omsynet til allmenn ferdsel, friluftsliv og tilgjenge for grunneigarar og tilreisande vert tillagt avgjerande vekt, held Skafedalsvegen fram som kommunal</u>	Rådmannen rår til at vegene vert omklassifisert	Rådmannen rår til at vegene ikkje vert omklassifisert
Langedalsvegen		1	0	26,27,33,39	Innspel 25/3870-39: Kommunen sine egne kriterium seier at vegar som er nytta til allmennyttige formål/interesser (t.d. tur/friluft) ikkje skal omklassifiserast. Langedalsvegen er i aktiv bruk av allmenta til friluft/tilkomst heile året og fell såleis utanfor kriterium 3. Innspel 25/3870-26-27-33: Innspillet reagerer på at Voss herad vil spare små beløp ved å omregulere Langedalsvegen til privat drift. Vegene er viktig for både hytteeigarar, fastbuande og eit stort friluftsområde, og privatisering kan føre til dårleg vedlikehald og vinterstenging. Dette vil gjere området mindre tilgjengeleg for mange som ikkje har råd til alternativ transport. Det blir peikt på at heradet bør vurdere dei samfunnsøkonomiske konsekvensane og sikre rettferdig prioritering i heile kommunen.	Langedalsvegen er ein av dei lengre vegane som er foreslått omklassifisert, og ein omklassifisering isolert sett kunne gi betydelige økonomiske innsparingar. Opplysningar i matrikkelen syner at det ikkje er nokon fastbuande langs eller i enden av vegene, og kriterium 1 (vegar utan fastbuande) kan difor leggjast til grunn for omklassifisering. Vegene har samstundes ein funksjon som tilkomstveg til friluftsområde og fritidsbustader, og vert nytta av grunneigarar, hytteeigarar og tilreisande. Omsynet til allmenn ferdsel, grunneigarar og landbruk er vurdert som viktig. Administrasjonen vurderer likevel at tilkomsten til området kan ivareta også ved privat veg, og at desse omsyna difor ikkje vert tillagt avgjerande vekt i denne saka. På denne bakgrunnen vert det lagt fram to alternativ til tilråing for politisk vurdering: <u>1. Dersom omsynet til økonomiske innsparingar vert tillagt størst vekt, rår rådmannen til at vegene vert omklassifisert i tråd med kriterium 1.</u> <u>2. Dersom omsynet til allmenn ferdsel, friluftsliv og tilgjenge for grunneigarar og tilreisande vert tillagt avgjerande vekt, held Skafedalsvegen fram som kommunal</u>	Rådmannen rår til at vegene vert omklassifisert	Rådmannen rår til at vegene ikkje vert omklassifisert

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnadar	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tiltråing	Alternativ tiltråing
Rasdalsvegen	4358	1	357356	17, 29	<p>Innspel 17: Bolstadøyri Grendalag går imot privatisering av Rasdalsvegen og meiner han må forbli kommunal. Veggen er avgjerande for busetnad, hytteeigarar, turistar og tilgang til viktige turområde. Han er òg nødvendig for drift av Rasdalen kraftverk og som beredskapsveg. Grendalaget meiner veggen oppfyller kommunen sine kriterium for offentleg veg og peikar på at området bidreg vesentleg til heradet sine inntekter.</p> <p>Innspel 29: Rasdalen grendalag går sterkt imot privatisering av Rasdalsvegen og meiner veggen må forbli kommunal, slik han har vore sidan 1954. Grendalaget peikar på at veggen er avgjerande for fastbuande med bo- og driveplikt, hytteeigarar, friluftsliv, beredskap og drift av Rasdalen kraftverk. Dei meiner saksutgreiinga inneheld feil, blant anna om talet på fastbuande, og at det manglar ei grundig konsekvensutgreiing. Ei privatisering vil kunne gi dårlegare vedlikehald, auka risiko ved ras og ekstremvêr, samt store kostnader og verdifall for brukarar. Samla sett meiner grendalaget at privatisering ikkje er berekraftig og at vegvedlikehald er ei samfunnsoppgåve</p>	<p>Rasdalsvegen har ein funksjon som tilkomstveg for fastbuande, hytteeigarar og allmenta. Både innkomne innspel og opplysningar i matrikkelen syner at det bur tre fastbuande langs eller i enden av veggen. Kriterium 1 (vegar utan fastbuande) kan difor ikkje leggast til grunn for omklassifisering.</p> <p>Rasdalsvegen har samstundes låg trafikkbelastning, med avgrensa bruk frå dei fastbuande, hytteeigarar og turfolk. På dette grunnlaget kan veggen vurderast omklassifisert i tråd med kriterium 2 (vegar med låg trafikkbelastning). Som ei av dei lengre strekningane som er foreslått omklassifiserte, vil ein oppnå betydeleg økonomisk innsparing. Veggen har òg funksjon som tilkomst til friluftsområde og fritidsbustader, og omsynet til allmenn ferdsel er vurdert som viktig. Rådmannen vurderer likevel at tilkomsten til området kan ivaretakast også ved privat veg.</p> <p>Sjølv om veggen kan vurderast omklassifisert med grunnlag i kriterium 2, vurderer rådmannen at det er behov for ytterlegare avklaringar knytt til veggen. På denne bakgrunnen rår rådmannen til at omklassifisering av Rasdalsvegen vert utsett til neste runde med omklassifisering.</p> <p>Rådmannen rår til at omklassifisering av veggen vert utsett</p>	Utsett	
Rasdalsvegen (Liten snutt)	163	1	13366	17,29	Ein legg til grunn at innspel og gjeld for denne veggen.	<p>Stikkveg frå Rasdalsvegen. Veg stoppar ved bru med dårleg snuplass, kort lengde på 163 meter, ingen fastbuande.</p> <p>Rådmannen rår til at stikkvegen vert nedklassifisert jf. Kriterium 1 og 2.</p>	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert	
Huldahaugen	265	2	21730	12	<p>Brukar av veggen Huldahaugen i Myrkdalen. Reagerer på at heradet vurderer privatisering utan å informere brukarane direkte. Argumentet om at veggen er lite brukt stemmer berre delvis, då den fyrste delen av veggen er mykje trafikkert og gjev tilkomst til fleire eigedommar. Veggen tener i dag sju eigedommar, inkludert fire fastbuande familiar, fritidseigedommar og ein kommunal eigedom. Det er spesielt vanskeleg å forstå kvifor heradet vil privatisere ein veg som leier til Myrkdalen skule. Ved privatisering må heradet uansett delta i felles vedlikehald, noko som kan gjere at vinninga går opp i spinninga.</p>	<p>Den kommunale veggen Huldahaugen går forbi den kommunale eigedomen Myrkdalen skule og endar i tunet på gbnr. 277/15. Som det går fram av innspelet, tener veggen fire fastbuande familiar, i tillegg til å gi tilkomst til kommunalt bygg. Inntil det ligg føre ei avklaring om framtidig bruk av Myrkdalen skule, rår rådmannen til at Huldahaugen framleis vert halden som kommunal veg fram til skulen. Samstundes vert det tilrådd at strekninga frå skulen og fram til tunet på gbnr. 277/15 vert nedklassifisert til privat veg, i tråd med kriterium 1, 2 og 3.</p>	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert	

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnadar	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tiltråing	Alternativ tiltråing
Nedre Kløve	472	2	38704	43	Grunneigarane meiner at gardsvegen ikkje oppfyller nokon av dei fire kriteria som ligg til grunn for omklassifisering av kommunale vegar, då han vert nytta dagleg av åtte fastbuande. Brukarane har over lang tid samarbeidd med kommunen om vedlikehald og kostnadsreduksjon, mellom anna gjennom tilsyn med stikkrenner og spleiselag for opprusting av bru. Brøyting vert vurdert som særleg viktig å halde kommunal, grunna veterinærvakt med utrykking heile døgnet, tung landbrukstransport og mjølkebil. Veggen vert òg nytta jamleg av Jernbanelinjen til ettersyn og vedlikehald av jernbaneinfrastruktur. På denne bakgrunnen vert det argumentert for at veggen er viktig for fastbuande, næringsverksemd og beredskap, og difor bør halde fram som kommunal veg.	Veggen har låg trafikkbelastning og vert i hovudsak nytta av dei som bur i enden av veggen og tener eit avgrensa tal eigedommakar. I Voss herad finst det fleire gardsbruk og eigedommakar utan kommunal veg heilt inn i tunet, og av omsyn til likebehandling og rettferd vert det tilrådd å omklassifisere veggen i tråd med kriterium 2.	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert	
Gamle Bordalsvegen	442	2	36244	20	Innspelet frå bebuar i gamle bordalsvegen. Ytrar stor skepsis til at Voss herad vil spare pengar ved å overføre drift og vedlikehald av kommunale vegar til nokre få bustadeigarar, trass i at innbyggjarane allereie betalar eigedomsskatt for desse tenestene. Dette blir sett som økonomisk urettferdig og som ei svekking av tryggleiken, sidan privatpersonar då må sikre framkomelegheit for blant anna heimesjukepleie og utrykkingskøyretøy. Det blir òg peikt på at Gamle Bordalsvegen ikkje oppfyller kriteria for omklassifisering, og at dårleg kommunalt vedlikehald ikkje bør veltrast over på private. Konklusjonen er at framlegget bør skrotast fordi det gir urimelege konsekvensar for dei som bur langs veggen.	Det er del av gamle bordalsvegen som vert foreslått omklassifisert, og er ikkje naudsynt som køyreveg. Dei i nedre del vil få ein kort privat tilkomstveg frå bordalsvegen, mens dei i øvre del har inn- og utkøyring gjennom Nyresvegen samt den øvre delen av gamle bordalsvegen som ikkje vert omklassifisert. For å sikre allmenn tilgang og eit alternativ for mjuke trafikkantar rår rådmannen til at del av gamle bordalsvegen vert omklassifisert til Gang - og sykkelveg jf. Kriterium 2.	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert til gangveg	
Skulegata	134	4	10988		Ingen innspel	Veggen er ei bakgata med lite trafikk, og ingen offentleg parkering. Rådmannen rår til at skulegata vert omklassifisert jf. Kriterium 4.	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert	
Bonangergata aust	52	4	4264	40	Huseigarane i Vangsgata 50 og 52 er positive til å overta austre del av Bonangergata som privat veg. Dei peikar på langvarige problem med forsøpling, uro og villparkering, og meiner privatisering vil gi betre orden og trivsel. Brøyting og vedlikehald har uansett vore privat sidan 1980-talet. Dei ønskjer skilting, gjerde og avklaring frå kommunen om eigedoms- og ansvarsforhold, og inviterer til synfaring.	Veggen er ei bakgata med lite trafikk. Positive huseigarar. Rådmannen rår til at skulegata vert omklassifisert jf. Kriterium 4.	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert	

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnader	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tilråing	Alternativ tilråing
Brekkevegen	258	2	21156	16	Brukarar av Brekkevegen som reagerer på at vegen er foreslått omklassifisert til privat veg og stiller spørsmål ved grunnlaget for dette. Dei ber om dokumentasjon på kommunale utgifter til vedlikehald dei siste ti åra, då dei opplever lite brøyting, strøing og anna vedlikehald. Dei er uroa for at få husstandar må dela alle kostnader dersom vegen blir privat, særleg sidan ein eigedom ikkje nyttar vegen. Samstundes spør dei korleis ei slik omklassifisering vil påverka dei kommunale avgiftene	Vegen har låg trafikkbelastning og vert i hovudsak nytta av dei som bur i enden av vegen og tener eit avgrensa tal eigedommar. Vegen har heller ikkje funksjon som tilkomst til allmenne formål. I Voss herad finst det fleire gardsbruk og eigedommar utan kommunal veg heilt inn i tunet, og av omsyn til likebehandling og rettferd vert det tilrådd å omklassifisere vegen i tråd med kriterium 2 og 3.	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	
Eskelandsvegen forbi folkehøgskulen	198	4	16236	18	Brukarar og andre interessenter i Eskelandsvegen meiner at kriteria for omklassifisering ikkje er oppfylt, då vegen har fastbuande, normal trafikk og er nytta som skuleveg, gang- og sykkelveg og tilkomst til bustader og verksemder. Privativering vil påføre urimelege kostnader og ansvar på private grunneigarar, mange av dei eldre, og svekkje trygg tilkomst for skuleelevar, helsepersonell og servicefunksjonar. Vegen er ein del av kommunal infrastruktur med fast dekke, tekniske anlegg i grunnen og tidlegare kommunale investeringar, og kostnadsinnsparinga for kommunen er marginal. Grunneigarane ønskjer ikkje privatisering, men at Eskelandsvegen vert formelt regulert og skilta som gang- og sykkelveg, og ber om dialog før saka vert vidare handsama	Eskelandsvegen fungerer i dag som ein sideveg med tilknytning til hovudvegane i området, Peter Bondes veg og Finnesvegen. Brukarar og andre med tilknytning til vegen har tilkomst frå begge desse kommunale hovudvegane. Det vil difor vere meir samfunnsnyttig å prioritere ressursbruken på hovudvegnettet i området, og samstundes omklassifisere Eskelandsvegen til privat veg med to tilkomststar frå kommunal veg. Rådmannen rår til at Eskelandsvegen vert omklassifisert jf. Kriterium 4	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	Rådmannen rår til at vegen vert nedklassifisert til gangveg
Gamle Dyrvedalsvegen	239	2	19598	37	Gamle Dyrvedalsvegen er tilkomstveg for fleire gardsbruk og eit bustadhus der eit eldre ektepar bur. God vegstandard og brøyting er viktig for tryggleik, særleg for nødetatar og vintertransport. Vegen blir òg brukt til renovasjon og post. Kommunen har best føresetnader for å halde vegen i god stand, og den var tidlegare del av ein kompensasjon for grunnavståing. Difor bør vegen framleis vere kommunal.	Gamle Dyrvedalsvegen har låg trafikkbelastning og fungerer i hovudsak som tilkomstveg for fastbuande. I Voss herad er det fleire gardsbruk utan kommunal vegtilkomst heilt inn i tunet, og av omsyn til likebehandling vert det tilrådd å omklassifisere vegen til privat veg, i tråd med kriterium 2 og 3	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	
Geitlevegen	381	2	31242		Ingen innspel	Geitlevegen har låg trafikkbelastning og fungerer i hovudsak som tilkomstveg for fastbuande. I Voss herad er det fleire gardsbruk utan kommunal vegtilkomst heilt inn i tunet, og av omsyn til likebehandling vert det tilrådd å omklassifisere vegen til privat veg, i tråd med kriterium 2 og 3	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	
Øvstedalsvegen	246	1 og 2	20172		Ingen innspel	Den aktuelle delen av Øvstedalsvegen går forbi det siste bruket med fastbuande. Eldre dokument i Voss herad syner at den kommunale vegen stoppar i krysset ved det siste gardsbruket. Vidare strekning har ikkje fastbuande og går over i stølsveg. På denne bakgrunnen vert det tilrådd å omklassifisere denne delen av vegen til privat veg, i tråd med kriterium 1 og 2	Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert	

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnadar	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tilråing	Alternativ tilråing
Kolle	446	1 og 2	36572		Ingen innspel	Vegen til Kolle har låg trafikkbelastning og fungerer i hovudsak som tilkomstveg for ein hytte og fråflytta gardsbruk. Her er det ingen fastbuande, og ein tilrår at veggen vert omklassifisert til privat veg, i tråd med kriterium 1 og 2	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert	
Sideveg Steinsvegen	168	2	13776		Ingen innspel	Sideveg til Steinsvegen som går til gardsbruk på Edal. Veggen har låg trafikkbelastning og fungerer i hovudsak som tilkomstveg for fastbuande. I Voss herad er det fleire gardsbruk utan kommunal vegtilkomst heilt inn i tunet, og av omsyn til likebehandling vert det tilrådd å omklassifisere veggen til privat veg, i tråd med kriterium 2 og 3	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert	
Bidnesvegen til Bidneshovden	387	1	31734	39	Innspel frå brukar av Bidnesvegen meiner at veggen er ein enkel og ukomplisert strekning og ein naturleg del av ei kommunal veg som uansett skal brøytast. Den reelle innsparingseffekten er truleg langt lågare enn sjablongtalet tilseier. At heradet fråskriv seg ansvaret og vender ryggen til utkanten, svekkjer grunnlaget for at folk vil bu her og vera med å utvikla bygda. For eigedomane betalar me trass alt eigedomsskatt, kommunale avgifter og renovasjon og skulle dermed vera ein del av det kommunale fellesskapet på linje med andre. Krav: Ikkje omklassifiser Bidnesvegen-Bidneshovden	Vegen til Bidneshovden har låg trafikkbelastning og fungerer i hovudsak som tilkomstveg for ein hytte og fråflytta gardsbruk. Her er det ingen fastbuande, og ein tilrår at veggen vert omklassifisert til privat veg, i tråd med kriterium 1 og 2	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert	
Elvegata	53	4	4346		Ingen innspel	Elvegata er regulert til gatetun i reguleringsplan, og ein rår til at Elvegata held fram som gatetun.	Rådmannen rår til at veggen framleis held fram som privat	

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnadar	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tiltråing	Alternativ tiltråing
Oberst Bull veg	147	1 og 4	12054	4	Voss Vind AS fremjar formelle merknader mot forslaget om å omklassifisere Oberst Bull veg til privat veg, og meiner forslaget er rettsstridig og basert på mangelfullt faktagrunnlag. Vegen er hovudadkomst til ei etablert og publikumsretta næringsverksemd i reguleringsområdet Tvildemoen, og er etter gjeldande reguleringsplan føresett å vere offentleg. Forslaget strir etter deira syn både mot veglova, bindande reguleringsplan, kommunens eigne kriterium for omklassifisering og sentrale forvaltningsrettslege prinsipp. Det er vidare ikkje gjennomført tilstrekkelege konsekvensvurderingar for næringsverksemd, trafikk, allmenne interesser eller berettigede forventningar knytt til etablering og investeringar i området. Voss Vind AS krev at	I gjeldande reguleringsplan vert det lagt til grunn at vegane innanfor planområdet er offentlege vegar. På bakgrunn av dette vert det vurdert at den aktuelle vegen framleis bør ha status som kommunal/offentleg veg, i samsvar med reguleringsplanen sine føresegner og intensjonar. <u>Rådmannen rår til at vegen framleis held til som kommunal veg.</u>	Rådmannen rår til at vegen ikkje vert omklassifisert	
Kalandsvegen			0	30	Bebuarar og grunneigarar på Kaland ber om ei ny vurdering av klassifiseringa av Kalandvegen, som vart omgjort frå kommunal til privat veg for mange år sidan, då føresetnadene har endra seg vesentleg. Vegen tener i dag sju heilårsbustadar, fleire med eldre bebuarar, og vert nytta til dagleg tilkomst, renovasjon, jordbruk, varelevering og utrykning, noko som tilseier ein viktig allmenn funksjon. Etter deira vurdering oppfyller Kalandvegen ingen av kriteria som ligg til grunn for privatisering, verken når det gjeld fastbuande, trafikkbelastning eller bruk. Det vert peika på at likebehandling og saklegheit tilseier at Kalandvegen bør vurderast på lik linje med andre bygdevegar i heradet. Grunneigarane ønskjer å behalde eigedomsretten til veggrunnen, men fleirtalet er positive til at vegen igjen kan få kommunal drift	Voss herad har allereie allereie eit omfattande kommunalt vegnett. Av omsyn til økonomi, drift og vedlikehald må dei tilgjengelege ressursane prioriterast der dei gir størst mogleg samfunnsnytte. Ein ytterlegare auke i kommunalt vegansvar vil svekkje moglegheita for forsvarleg standard og tryggleik på eksisterande hovudvegar. <u>Heradet må konsentrere innsatsen om drift og vedlikehald av dagens kommunale vegnett, og rår til at vegen framleis held til som privat veg.</u>	Rådmannen rår til at vegen framleis held fram som privat	
Tyssevegen			0	24/10014-4	Grunneigarar og fastbuande på Tyssen søker om at Tyssevegen vert omregulert frå privat til kommunal veg. Vegen er einaste tilkomst til fleire heilårsbustader og gardsbruk, med aukande busetnad, næringsverksemd og behov for trygg skuletransport. Han tener òg allmenne interesser gjennom tilkomst til friluftsområde ved Tyssa-vassdraget og Bolstadfjorden, og vert nytta av kommunen til tenester som septiktømming og feiing. Med ei lengd på om lag 4,5 km er vegen krevjande å vedlikehalde privat, trass i at han vart oppgradert til klasse 4 i 2005. Grunneigarane tilbyr å overføre vegen vederlagsfritt til kommunen og ber om synfaring, med ønskje om kommunal overtaking frå 01.01.2025	Voss herad har allereie allereie eit omfattande kommunalt vegnett. Av omsyn til økonomi, drift og vedlikehald må dei tilgjengelege ressursane prioriterast der dei gir størst mogleg samfunnsnytte. Ein ytterlegare auke i kommunalt vegansvar vil svekkje moglegheita for forsvarleg standard og tryggleik på eksisterande hovudvegar. <u>Heradet må konsentrere innsatsen om drift og vedlikehald av dagens kommunale vegnett, og rår til at vegen framleis held til som privat veg.</u>	Rådmannen rår til at vegen framleis held fram som privat	

Namn på veg	Antal lengdemeter	Kriterie for omklassifisering	Estimert innsparing årleg driftskostnadar	Dok.nr	Oppsummering innspel	Rådmannens vurdering	Tiltråing	Alternativ tiltråing
Hyljaråsvegen			0	24/10014-4	Grunneigarar på Hyljarås søker om at Hyljaråsvegen vert omgjort frå privat til kommunal veg, og viser til at vegen tidlegare vart overtatt av kommunen i 1977 etter vedtak i vegnemnda og formannskapet. Forsøk på privatisering har tidlegare vorte møtt med protestar, då vegen er avgjerande for drift av aktive gardsbruk og busetnad i grenda. Vegen tener i dag fleire gardar med heilårsdrift og fastbuande, og grunneigarane har investert betydelege midlar og dugnadsinnsats i vedlikehald og oppgradering. Søknaden er forankra i kommuneplanen sitt mål om levande bygder og oppretthald av busetnad utanfor sentrumsområda. Det vert bede om synfaring og at kommunen tek over ansvaret for vegen på nytt	Voss herad har allereie allereie eit omfattande kommunalt vegnett. Av omsyn til økonomi, drift og vedlikehald må dei tilgjengelege ressursane prioriterast der dei gir størst mogleg samfunnsnytte. Ein ytterlegare auke i kommunalt vegansvar vil svekkje moglegheita for forsvarleg standard og tryggleik på eksisterande hovudveggar. <u>Heradet må konsentrere innsatsen om drift og vedlikehald av dagens kommunale vegnett, og rår til at vegen framleis held til som privat veg.</u>	Rådmannen rår til at vegen framleis held fram som privat	
Bulkovegen			0		Det vert søkt om at Bulkovegen, ei strekning på om lag 730 meter frå Bulko til parkeringsplassen på Madshaugen, vert teken tilbake til kommunalt vedlikehald. Vegen hadde kommunalt vedlikehald fram til 2000, då han vart privatisert grunna manglande fastbuande, men dette har endra seg ved at det no bur ei barnefamilie i Bulkahagen med skuleborn. Vegen tener i dag både heilårsbustad, over 100 fritidsbustader og eit mykje brukt friluftsområde, og har stor allmenn interesse med betydeleg trafikk gjennom året. Parkeringsplassen er eit viktig endepunkt for ferdsel, særleg vinterstid, og kommunalt ansvar er avgjerande for trafikktryggleik og framkome. Søkarane meiner vegen held god standard, men at veglaget ikkje kan ta ansvar for trygg og forsvarleg drift for fastbuande, og ber difor om synfaring og kommunal overtaking.	Voss herad har allereie allereie eit omfattande kommunalt vegnett. Av omsyn til økonomi, drift og vedlikehald må dei tilgjengelege ressursane prioriterast der dei gir størst mogleg samfunnsnytte. Ein ytterlegare auke i kommunalt vegansvar vil svekkje moglegheita for forsvarleg standard og tryggleik på eksisterande hovudveggar. <u>Heradet må konsentrere innsatsen om drift og vedlikehald av dagens kommunale vegnett, og rår til at vegen framleis held til som privat veg.</u>	Rådmannen rår til at vegen framleis held fram som privat	
	18179		1490678					

1. Rådmannen rår til å omklassifisere fyljande vegar:				
Namn på veg	Antal lengdemeter	Estimert innsparing årleg driftskostnader	Kriterie for omklassifisering	Alternativ tilråing
Skaftealdalsvegen	1305	kr 107 010,00	1	Rådmannen rår til at veggen ikkje vert omklassifisert
Skjervsvegen (v/ gnr589 bnr.1)	245	kr 20 090,00	2	
Nesheimsvegen	88	kr 7 216,00	2	
Dalevegen (Espelandsvegen)	414	kr 33 948,00	2	
Hause veggen	224	kr 18 368,00	2	
Hausnesvegen	263	kr 21 566,00	2	
Smidjevegen i Folkedal	741	kr 60 762,00	2	
Del av Folkedalsvegen	228	kr 18 696,00	2	
Gamle Kvanndalsvegen	458	kr 37 556,00	2	
Tjoflotvegen ned mot kai.	196	kr 16 072,00	2	
Veg i hyttefelt Djønno	361	kr 29 602,00	1	
Taskjelle	400	kr 32 800,00	2	
Medås	167	kr 13 694,00	2	
Langedalsvegen	1535	kr 125 870,00	1	Rådmannen rår til at veggen ikkje vert omklassifisert
Rasdalsvegen (Liten snutt)	163	kr 13 366,00	1	
Huldahaugen	265	kr 21 730,00	2	
Nedre Kløve	472	kr 38 704,00	2	
Skulegata	134	kr 10 988,00	4	
Bonangergata aust	52	kr 4 264,00	4	
Brekkevegen	258	kr 21 156,00	2	
Eskelandsvegen forbi folkehøgskulen	198	kr 16 236,00	4	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert til gangveg
Gamle Dyrvedalsvegen	239	kr 19 598,00	2	
Geitlevegen	381	kr 31 242,00	2	
Øvstedalsvegen	246	kr 20 172,00	1 og 2	
Kolle	446	kr 36 572,00	1 og 2	
Sideveg Steinsvegen	168	kr 13 776,00	2	
Bidnesvegen til Bidneshovden	387	kr 31 734,00	1	
Totalsum meter/innsparing kostnd	10034	kr 822 788,00		
2. Rådmannen rår til å omklassifisere til gangveg				
Namn på veg				
Del av Gamle Bordalsvegen				
3. Rådmannen rår til å utsette				
Namn på veg				
Del av Såkvitnevegen				
Rasdalsvegen				
Strindeskleiv veggen med sideveg				

Hesgiljane

4. Rådmannen rår til at vegen ikkje vert omklassifisert

Namn på veg

Oberst Bull veg

5. Vegar rådmannen rår til å helde fram som privat

Namn på veg

Kalandsvegen

Tysevegen

Hyljaråsvegen

Bulkovegen